

20.03.2010

Ukraina takka Uskedalen



Gruppa frå Ukraina var også på besøk heime hos Tormod Myklebust i dag. Foran til venstre sit reiseleiar Sergiy Kowalchuk og studentane Susanne Ustimchuk, Olena Ushakova, Oksana Bödnaruk, Viktoriya Papirenko og Yevangelina Brychka. Bak Tormod Myklebust, lærarane Yuriy Babin og Mykola Fasolko, TKH-leiar Vegard Stordal og student Ivan moroz. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Nesten 700 sekkar med klede har uskedelingane sendt til trengande i Ukraina i to omgongar, i ei innsamling organisert gjennom den tverrkjyrkelege stiftinga THK (tru, håp og kjærleik) på Karmøy. Og eldsjelen Tormod Myklebust legg 9. april ut som sjåfør på den fjerde hjepesendinga si til det fattige kjempelandet.**

**I dag har ein delegasjon frå bibelskulen i Korosten vore her for å takka for hjelpa. Det skjedde under eit møte i bedehuset som var både tankevekkjande og rørande..**

-TKH har hatt hjepesendingar til oss sidan 1995. For to år sidan drøfta vi å avslutta sendingane av millom anna klede og sko, men så kom finanskrisa. No er behovet enda større enn før, seier Sergiy Kowalchuk til uskedalen.no.

Han leiar delegasjonen sin rundtur her i landet, som starta i Sandefjord 6. mars og sluttar i Nordhordland 29. mars.

Sergiy er engelsklærar i Korosten, men også tilsett i THK. Seks studentar og to lærarar frå bibelskulen er med på rundturen. Sergiy fortel at hvis en tek omsyn også til den arbeidloysa som ikkje er registrert, er truleg 30-40 prosent utan arbeid no. Til dømes står ei av dei største og viktigaste verksemndene i Korosten, ein porselefantfabrikk med 2.000 tilsette. Situasjonen er like problematisk i heile Zhitomir-fylket, som ligg i den nordvestlege delen av landet. Området har også gjennomlevd ein svært hard vinter, med meterdjup snø og under 30 grader.

Under møtet i bedehuset fortalte Sergiy at bibelskulen vart starta for 18 år sidan som ein frukt av fridomen. Behovet for lærarar, pastorar og evangelistar i det tidlegare Sovjet-Unionen var stort og ved bibelskulen har det vore studentar også frå Moldova, Hvide-Russland, Russland og Armenia. Skulen er treårig og 5 av dei 6 som var med i gruppa går andre året medan 1 går fyrste. Elevane hadde aldri vore i utlandet før då dei kom til Noreg no og inntil for 3 månader sidan hadde dei aldri spela på noko instrument. No spela dei på ei sann vrimmel av instrumentar!

Dei avvikla eit imponerande songrepertoar saman med dei to lærarane og var også innom hebraiske songar. Det er eit nært samband med dei mange jødane i Korosten-området.

18 år gamle Oksana fortalte at ho skal arbeida med ungdom i menigheten når ho er ferdig på skulen og den like gamle Yevangelina hadde den same målsettinga..

-No lærer eg å bli audmjuk og tene andre, sa ho i vitnesbyrdet sitt.

Sergiy takka Noreg og stiftinga THK for eit enormt hjelpearbeid i Ukraina og adresserte ikkje minst takken til Tormod Myklebust. Det kostar 300 dollar å ha ein student på bibelskulen i eitt år og støtta frå Noreg er heilt avgjerande. Men det stoppar slett ikkje der: THK støttar også ei rekke andre institusjonar, som barneheimar, rehabiliteringsheimar for narkomane, sjukeheimar og sjukehus. Situasjonen har vore så problematisk at pasientane har vore tvungne til å ta med sitt eige sengetøy på sjukehuset.

Av Ola Matti Mathisen



Lærarar og studentar frå bibelskulen i Korosten syng og spelar i bedehuset i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)